

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatile Lilletvedt	FE-033	21/303

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
054/2021	Kommunestyret	PS	09.12.2021

Orienteringssaker

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 054/2021

KS - behandling:

Ordføreren orienterte:

Sak gjennomgong av Modalen næringsbygg AS. Ordførar viste til at det kjem ein rapport frå Industriutvikling Vest kor det vert gjeve tilrådingar vedr. seldkapet, samt også innspel til næringsutvikling i Modalen. Rapporten vert presentert for kommunestyret 20. januar 2022.

Rådmannen orienterte:

Etter kommunestyremøtet i dag skal formanskapet handsame kva som vert nemnet på det nye kommunehuset. Det har kome inn 140 ulike forslag.

Det vert arbeidd med å rekruttere til fleire stillingar i kommunen; kantinearbeidarar, kontorarbeidarar, ass. rådmann. Ny ass. rådmann på plass til ca. 1. april.

Orientering v/ Tone S Skuggevik, teknisk sjef:

Det nærmar seg avslutning, nokre detaljar står att. Kommunen flyttar inn i løpet av kommande veke (frå 13. desember). Frist for asfaltering rundt bygget er satt til mai 2022. Diverse utvendig maling må utsetjast til våren 2022.

Rassituasjonen ved Bryggjeslottet. Skulle ha vore avslutta i inneverande veke. Grunna sjukdom har dette blitt noko forseinka. Planen er å opne Bryggjeslottet rett over nyttår. Driftspersonalet har no tilgang til bygget. Den umiddelbare faren er no over. Det er behov for å gjennomføre oppfriskingskurs for livreddarar før ordinær/offentleg badetilbod i bassenget. Liv Anne Aanesen etterspurde hyppigare informasjon utad til brukarar, gjerne gjennom statusoppdateringar på

nettsida.

Håvard Engeseth spurde om det var råd for ulike småverksemder m.m. å kjøpe seg lunsj i den nye kantina, lage eit samlingspunkt/miljø. Rådmannen takka for inspel, og vil ta dette med i det vidare arbeidet,

Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Sakene vert tekne til orientering